

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Utval for levekår	16.03.2010	HDU	019/10
Kommunestyret	24.03.2010	HDU	022/10

Avgjerd av: Kommunestyret	Ansv.	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbeh.: Haldis Dokken Urdal	SFF	N-536	10/266

SPELEMIDLAR TIL IDRETTSANLEGG - FORSLAG TIL NYE KRITERIER FOR FYLKESVIS FORDELING - HØYRING

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	26.01.2010	Det kongelige kulturdepartement	SPILLEMIDLER TIL IDRETTSANLEGG - FORSLAG TIL NYE KRITERIER FOR FYLKESVIS FORDELING - HØYRING
3	I	10.03.2010	Fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld	MODELL FOR FORDELING AV SPELEMIDLAR

Saksutgreiing:

Det Kongelige Kulturdepartement (KUD) har i brev av 26.01.2010 sendt ny fordelingsnøkkel for spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet på høyring til: Fylkeskommunar, Kommunar, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite, Sametinget, Samisk idrettsforbund, Det frivillige Skyttarvesen, Friluftslivets fellesorganisasjon, Friluftsrådene Landsforbund. Frist for innspel til høyringsutkast er sett til 15. mars 2010. Meland kommune har 03.03.2010 per telefon til KUD v/saksbehandlar Morten Roa, peikt på den korte høyringsfristen. Tilbakemeldinga var at Meland kommune sin høyringsuttale skulle bli teken med når den vert sendt rett etter kommunestyret sitt møte 24.03.2010. Meland kommune har og 05.03.2010 sendt epost til KUD om få forlenga høyringsfrist til 8. april 2010. KUD har 08.03.2010 sendt epost til samtlege fylkeskommunar om at fristen er forlenga til 1. mai 2010.

I Ot.prp. nr. 10 (2008—2009) "Om lov om endring i forvaltningslovgivningen mv. (gjennomføringa av forvaltningsreformen)" vart det varsla under pkt. 2.4 at Kultur- og kirkedepartementet (KKD) ville ta initiativet til ein gjennomgang av dagens kriterium for deling av spelemidler til idrettsanlegg.

Kriteria gjeld for fordeling av spelemidlar frå hovedfordelingens post 1.1 "Idrettsanlegg i kommunene" til ordinære idrettsanlegg fordelt av fylkeskommunane. Ut frå dette vart det i februar 2009 nedsett ei kriteriegruppe.

Mandat for kriteriegruppa

I dagens ordning, som vart gjort gjeldane frå og med 2001, er fordeling av spelemidlar til fylkeskommunane basert på desse kriteria:

- godkjend søknadssum (vektes 50%)
- antall innbyggere (vektes 25%)
- anleggsfordeling (vektes 25%)

Kriteriegruppa skal vurdere:

- korleis kriteria har virka på fordelinga mellom fylka
- om det har ført til betre anleggsfordeling i pressområda
- om vekting av kriteria bør endrast
- om eventuelle andre kriterium skal nyttast

Bakgrunn

Tilskotsordninga til spelemidlar er heimla i "Lov om pengespill m.v." med tilhøyrande forskrift som vart gjort gjeldane frå 1. januar 1993. Tilskotsordninga vart etablert etter vedtak i Stortinget allereie i 1946, første tildeling vart gjort i 1948. Regelverk for tilskotsordninga er nedfelt i departementet sin publisasjon –V-0732 "Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet", som vert revidert kvart år.

Den statlege anleggspolitikken

I St.meld. nr. 14 (1999-2000) - Idrettslivet i endring – *vart idrett og fysisk aktivitet for alle definert som den overordna visjonen for den statlege idrettspolitikken*. Visjonen er eit uttrykk for at staten vil hjelpe til slik at *alle får høve* å drive idrett og fysisk aktivitet. Meldinga har barn (6-12 år); og (ungdom 13-19 år) som primære målgrupper. Eit av måla er å forstå som hovedmålsetting for den statlege anleggspolitikken (sitat frå høyringsdokument):

"Den samla anleggsmassen skal gi flest mulig anledning til å drive idrett og fysisk aktivitet. Anleggsmassen skal tilpassast aktivitetsprofilen i befolkningen. Den statlege idrettspolitikken skal bidra til at befolkningen har et bredt spekter av lokalt forankrede aktivitetstilbud både i regi av den frivillige medlemsbaserte idretten og gjennom mulighet for egenorganisert aktivitet."

Tilskot til nærmiljøanlegg inngår ikkje i gruppa sitt mandat, og vert difor ikkje omtala i høyringsdokumentet.

Riksrevisjonen sin undersøkelse om tilskot til idrettsanlegg

Riksrevisjonen har i sin rapport i dokument nr. 3:8 (2008-2009), datert 28.04.2009 m.a. peikt på:

- at tilskotsordninga favoriserer kommunar med høge frie inntekter, slik at desse får uforholdsmessig stor del av spelemidlane
- at det er skilnad i tilgangen til idrettsanlegg, særlig når det gjeld symjehallar. Dette vert kopla opp mot symjeopplæring i skulen
- riksrevisjonen konstaterer at "Stortingets mål om at folk skal ha en forholdsmessig lik tilgang til idrettsanlegg uavhengig av bosted" ikkje er nådd.

Tilskotssatsar

Den generelle satsen for tilskot til ordinære idrettsanlegg er 1/3 av kostnadene, maksimalt kr 700 000. Dette gjeld for eit stort antal større og mindre anlegg. Maksimalsatsen har vore gjeldande frå 2004, då den var kr 550 000. For dei store anlegga er det fastsett serskilde maksimale tilskotssummar. Som eksempel på kostnad for store anlegg, vert det vist til at ein storbrukshall i 2009 vil ha ein byggjekostnad på 35 – 45 mill. kroner. Tilskotet til denne hallen vil ikkje utgjere meir enn 15 – 20 % av byggekostnaden. Tilsvarende gjeld andre store anlegg, men for dei aller største anlegga kan tilskotet utgjera under 10 %.

Endring av vekting av kriteriane

Godkjend søknadssum

Gruppa konkluderer m.a. her med:

at tilskotsordninga er, og skal vere søknadsbasert.

at samla godkjend søknadssum kan gje uttrykk for behov for anlegg i fylket

Antall innbyggjarar

at antall innbyggjarar bør endrast til å gjelde aldersgruppene barn/ungdom 6 – 19 år

Anleggsfordeling

Dei anleggstypar som vert lagt til grunn for berekning dekkjer eit eller fleire av følgjande faktorar:

- høgt eller eit visst antal søknader årleg
- høgt eller eit visst antal utbyggingar årleg
- eit visst antal eksisterande antal totalt sett
- total bruksfrekvens
- betydeleg brukt av barn og ungdom, 6-10 år
- anlegg for typiske sumaridrettar
- anlegg for typiske vinteridrettar
- kostnader

Under her er det teke inn 16 typar anlegg som er lagt inn med vekting frå 1 – 6, jfr. s. 18 og 19 i høyringsdokumentet.

Eventuelle andre kriteriar

Gruppa har konkludert med at dei ikkje finn det naturleg at kommuneøkonomi vert nytta som kriterium for spelemiddelordninga.

Anbefalingar

Anbefaling 1

Kriteriegruppa anbefaler at følgjande kriterium og vekting av desse vert lagt til grunn for framtidige fylkesvise fordelingar av spelemidlar til ordinære idrettsanlegg:

- Godkjend søknadssum, vektas 50 %
- Antal innbyggjarar 6 – 19 år, vektas 25 %
- Anleggsfordeling, berekna etter ny modell, vektas 25 %

Anbefaling 2

Kriteriegruppa anbefaler at ordninga med serskilde stønadsatsar for kommunane i Namdalen, Nordland, Troms og Finnmark, og for kommunar færre enn 2000 innbyggjarar, vert avikla.

Vurdering:

Med Kulturdepartementet (KUD) sitt endringsforslag vil det ikkje verta enklare for kommunar og frivillege organisasjonar når det gjeld anleggsutbygging. Hordaland vil etter dei nye kriteriane kome dårlegare ut, jfr. s. 26 og 27 i høyringsdokumentet. Tildeling for 2008 etter noverande fordelingsnøkkel er på kr 142,- per innbyggjar. Fordeling i 2008 vil etter forslag på nye kriteriar vere kr 139 per innbyggjar. Sjølv om det ikkje er noko stor skilnad, vil forslag til nye kriteriar ikkje føre til at fylket vil få større del av framtidige tilskot til spelemidlar. Fylket/kommunar/regionar har hatt, og vil etter forslag på fordelingsnøkkel ha liten handlefridom til å gjennomføra anleggsutvikling ut frå lokale behov. Fylka har ulike behov for anleggsutvikling, og regionen/kommunen saman med fylket må i framtida få større innverknad på anleggsutviklinga som tek utgangspunkt i dei lokale behov.

Riksrevisjonen seier at "Stortingets mål om at folk skal ha en forholdsmessig lik tilgang til idrettsanlegg" ikkje er nådd. Kommunen meiner at det nye forslaget til endringar neppe vil føre til at denne skeivheita vert retta opp. Noverande fordelingsnøkkel bør endrast for å kunne nå målet med at alle skal ha lik tilgang til idrettsanlegg ut frå regionale og lokale behov. Staten bør difor starte eit arbeidet med å revidere gjeldande anleggspolitikk, med ny kostnadsnøkkel, som gjev rom for regionalpolitisk råderett.

Anlegg, som kjem utanom dei 16 anleggstypene som er tekne med i det nye endringsforslaget, og nærmiljøanlegg, er like viktige for kommunar, og vil utgjere ein stor del av godkjend søknadssum. Det er positivt at gruppa har teke riksrevisjonen sin konklusjon om symjeanlegg inn i sine vurderingar, og ein forventar at dette må avspeglare seg i framtidige statlege midlar. Driftsutgiftene til symjeanlegg er store, slik at det kan verta eit problem for å få fleire slike anlegg. Symjeanlegg er ein idrettsarena som kan femne om alle aldersgrupper. Slike anlegg har høge byggjekostnader og er dyre i drift, slik at det berre vil vera dei rikaste kommunane/regionane som kan byggje slike anlegg, dersom ein ikkje får med private aktørar. I Nordhordland er det lite tilgang på symjeanlegg som grensar naturleg til Meland. Fylket bør difor få meir spelerom for å drive regional anleggsutbygging. På denne måten kan vi få realisera anlegg som det er for lite av, t.d. symjeanlegg/andre anlegg basert på lokale føresetnader. Det bør vurderast om dei mest kostnadskrevjande idrettsanlegga skulle få tildelt midlar frå staten utanom tilskotet som vert henta frå overskot i Norsk Tipping A/S.

Meland kommune er ein av dei kommunane i Hordaland som har ei lang ventetid på tildeling av spelemidlar – 4 – 5 år. Kommunen sin dårlege økonomi gjer at det vert knappe midlar til utdeling, noko som gjer det vanskeleg for frivillege lag/organisasjonar å kunne realisera idrettsanlegg. Tilskot frå spelemidlane har utvikla seg til å vere ei "toppfinansiering", der innsats frå kommunar, frivillege organisasjonar og private aktørar er sers viktig for anleggs- og aktivitetsutvikling i fylket.

For Meland er dette svert synleg, utan stor innsats frå private aktørar og frivillege organisasjonar, ville Meland hatt få idrettsanlegg. Dette problemet nemner og riksrevisjonen som ein faktor som kan slå ut på anleggsutbygginga. Så lenge kommuneøkonomien ikkje vert trekt inn i berekningsgrunnlaget frå Staten til fylket, vil dette vere ei utvikling som vil vedvare. Det vert lite rom for handling til regional utvikling, så lenge fylket/regionen berre vert ein "forvaltar" av det statlege tilskotet til spelemidlar.

Kommunen ser at dei store, kostnadskrevjande anlegga tek større og større del av godkjend søknadssum. Kommunen meiner difor at kriteriet for vekting av godkjend søknadssum må aukast. Godkjend søknadssum meiner kommunen avspeglar kommunen og lokalmiljøet sitt

behov. Dette vil føre til at ein får ned noko av ettersleppet og den lange ventetida til søknad om spelemidlar. Kommunen kjem difor med forslag på at godkjend søknadssum vert vekta med 70%.

Kommunen ønskjer å utvikle anlegg ut frå det totale befolkningsgrunnlaget. Kommunen prioriterer barn/ungdom mellom 6 – 19 år sjølv om vi legg til grunn det totale befolkningsgrunnlaget. Der det er ei ventetid på 4 – 5 år for store anlegg, vil grunnlaget for det nye føreslegne kriteriet på alder gjere at aldersgruppa 13 – 14 år er borte når anlegget skal realiserast. Kommunen kjem med forslag på at det totale befolkningsgrunnlaget vert vekta med 30 %.

Kriteriet om anleggsfordeling, berekna etter ny modell, kjem kommunen med forslag på går ut. Kommunen meiner at ein med eit slikt kriterium vil få for lite fokus på framtida sin trong for nye typar anlegg. Sjå avsnitt om symjeanlegg, som kommunen meiner bør få ein meir sentral plass i statlege løyvingar til fylke/regionar.

Den nye fordelingsnøkkelen bør tidlegast gjelde frå 2011.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Meland kommunestyre rår til at ny fordelingsnøkkel for spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet etter overskot i Norsk Tipping A/S vert førebels endra slik:

- Godkjent søknadssum vert vekta med 70 %
- Totalt befolkningsgrunnlag vert vekta med 30%
- Kriteriet ”anleggsdekning” vert teke ut av fordelingsnøkkelen
- Ny fordelingsnøkkel bør tidlegast gjelde frå 2011.

Kulturdepartementet bør sette i gang arbeidet med å revidere gjeldande idrettspolitik. Det bør utarbeidast ein overordna fordelingsnøkkel for fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, som gjev rom for regionalpolitisk råderett og lokale framtidige behov for anleggsutvikling.”

16.03.2010 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK-019/10 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Meland kommunestyre rår til at ny fordelingsnøkkel for spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet etter overskot i Norsk Tipping A/S vert førebels endra slik:

- Godkjent søknadssum vert vekta med 70 %
- Totalt befolkningsgrunnlag vert vekta med 30%
- Kriteriet ”anleggsdekning” vert teke ut av fordelingsnøkkelen
- Ny fordelingsnøkkel bør tidlegast gjelde frå 2011.

Kulturdepartementet bør sette i gang arbeidet med å revidere gjeldande idrettspolitik. Det bør utarbeidast ein overordna fordelingsnøkkel for fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, som gjev rom for regionalpolitisk råderett og lokale framtidige behov for anleggsutvikling.”

24.03.2010 KOMMUNESTYRET

KS-022/10 SAMRØYSTES VEDTAK:

”Meland kommunestyre rår til at ny fordelingsnøkkel for spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet etter overskot i Norsk Tipping A/S vert førebels endra slik:

- Godkjent søknadssum vert vekta med 70 %
- Totalt befolkningsgrunnlag vert vekta med 30%
- Kriteriet ”anleggsdekning” vert teke ut av fordelingsnøkkelen
- Ny fordelingsnøkkel bør tidlegast gjelde frå 2011.

Kulturdepartementet bør sette i gang arbeidet med å revidere gjeldande idrettspolitik. Det bør utarbeidast ein overordna fordelingsnøkkel for fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, som gjev rom for regionalpolitisk råderett og lokale framtidige behov for anleggsutvikling.”

Rett utskrift

Dato: 26.03.10

Randi Hilland

Kopi til:

Det kongelige kulturdepartement
Hordaland fylkeskommune - kultur- og
idrettsavdeli
Kommunalavdeling for kultur og oppvekst